



SANDE KOMMUNE
6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01
sande.kommune@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Rasmus Johan Ekroll Arkivsaknr: 2016/929-4248/2017
Arkiv: 63/10

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
74/17	Formannskapet	05.09.2017

Saka gjeld:

**GNR 63 BNR 10 - ØYSTEIN BAADE
REGULERINGPLAN FOR HYTTEFELT PÅ VOKSA**

Tilråding:

Sande formannskap godkjenner den framlagde reguleringsplan for hyttefelt på Voksa M=1:1000 dat.17.07.2017 m/føresegner.

Framlegg til reguleringsplan m/førsegner og tilhørende saksdokument vert utlagt til offentlig ettersyn og sendt til berørte instansar til uttale i samsvar med § 12-10 i Plan og bygningslova.

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga, med korrigering av pkt. 1.

VEDTAK:

Sande formannskap godkjenner framlegg til reguleringsplan for hyttefelt på Voksa M=1:1000 dat.17.07.2017 m/føresegner.

Framlegg til reguleringsplan m/førsegner og tilhørende saksdokument vert utlagt til offentlig ettersyn og sendt til berørte instansar til uttale i samsvar med § 12-10 i Plan og bygningslova.

Rett utskrift
SANDE SERVICEKONTOR, 6084 Larsnes, 8. september 2017

Tove Cathrine Kvamme
Konsulent

Særutskrift:Eide Bygg og Rådgjeving
Øystein Baade

Vedlegg:

1. Brev frå Eide Bygg og Rådgjeving dat.06.09.2017
2. Framlegg til reguleringsplan m/føresegner.
3. Planomtale dat.17.07.2017 med innspel til kunngjering av planoppstart

Saksopplysningar:

Frå Eide Bygg og Rådgjeving ligg det føre framlegg til reguleringsplan for hyttefelt på gnr.63 bnr.10 på Voksa.

Søknad om løyve til oppstart av privat reguleringsplan vart godkjend av Sande formannskap den 11.10.2016.

Oppstart av planarbeid vart kunngjort i oktober 2016 og sendt på høyring til aktuelle offentlege og private instansar i samsvar med § 12-8 i Pbl. Innspel og merknader til melding om oppstart av planarbeid er vedlagt og kommentert av plankonsulent i kap.9 i planomtalen.

Tiltakshavar er Øystein Baade

Planområdet ligg om lag 300 meter nord for ferjekaia og omfattar eit areal på 38,3 da. Planframlegget viser etablering av 15 tomter for fritidshus med tilhøyrande vegar, eksisterande naust, parkering, småbåtanlegg, friluftsområde i sjø, og omsynssooner kring høgspenline og bandlagt kulturminne.

Planområde og arealbruk er i hovudsak i samsvar med Kommuneplan 2014 -2026 stadfesta hausten 2015.

Det er utført enkel ROS-analyse i samsvar med forenkla sjekklister frå Fylkesmannen

Plangebyr på kr.43.333.- i samsvar med gjeldande regulativ vert sendt til tiltakshavar og forfell til betaling før planframlegget vert utlagt til offentleg ettersyn.

Vurdering og konklusjon:

Ved teknisk sektor vil ein vise til at planen i hovudsak er i samsvar med kommuneplan 2014 – 2026 der ein etter ein fleirårig og omfattande planprosess har fått stadfesta eit overordna styringsdokument for arealbruken i kommunen. Kommuneplanen må difor leggest til grunn for etablering av nye tiltak.

Ein rår difor til at planframlegg m/føresegner og tilhøyrande saksdokument vert utlagt til offentleg ettersyn i samsvar med § 12-10 i Plan og bygningslova.

Larsnes, 25.08.2017

Oddbjørn Indregård
Konst.rådmann

Kjell Martin Vikene
teknisk sjef

